



31 JAN 2023

Knarvik, 30. januar 2023

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

MERKNAD TIL REEGULERINGSPLAN – LONENA AUST. PlanID 4631 2021003.

Vi viser til Reguleringsplan for Lonena aust som er lagt ut til offentleg ettersyn og høyring. Vidare viser vi til Dykker skriv i e-post av 06.01.23 der det heiter «*Grunna feil i matrikkelen fekk ikkje Pinsemenigheten Betania Knarvik forslag til reguleringsplan for Lonena aust tilsendt, utvida frist til å kome med merknad vert då satt til 31.1.2023.*»

Grensa for planen i planflate 2, Fv.57 Lindåsvegen – Juvikstølen, er lagt inn på vår eigedom. I samband med dette sende vi inn slik merknad til OPUS i skriv av 02.09.21:

«PARKERING

Menigheten er pålagt å ha eit tal parkeringsplassar som samsvarar med storleiken på huset. Dette blei seinast fastsett av kommunen i 2004 i samband med ei utviding av huset. Parkeringsarealet er elles i praksis for lite ved større arrangement. Det er altså klart at vi ikkje har høve til å avstå parkeringsareal, verken av praktiske eller av formelle grunnar.

VERDITAP

Dersom det blir teke av tomten til veg slik at ei ny grenselinje kjem nærmere bygningsmassen, er vi uroa for at at dette vil gjøre det vanskelegare med framtidige utvidingar. Slike utvidingar har vore vurderte, og det føreligg alt teikningar som viser korleis dette kan gjerast.

Ei utviding av bygningsmassen vil også medføre ytterlegare krav om parkeringsareal, og forsterkar altså det som er sagt ovanfor.

Dersom tiltaket som OPUS no skal planleggje, medfører restriksjonar på utbygging, og elles gjer det vanskelegare å utnytte arealet vårt, vil vi krevje full økonomisk kompensasjon for det verditapet som følger av tiltaket.»

Denne merknaden står framleis ved lag.

Når vi no har motteke eit betre kartgrunnlag og ser kva OPUS/ Alver kommune no gjer framlegg om, har vi følgjande tilleggsmerknad:

1. Det er teikna inn ei utviding av parkeringsplassen mellom huset og fortauen, mot sør. Dette skal nok kompenserer for dei parkeringsplassane som fell bort på andre sida mot fortauen. Vi har ikkje noko imot denne utvidinga mot sør. Vi føreset at det bli sett opp gjerde med tilfredsstillande sikring på toppen av skjeringa.
2. I dag er parkeringsplassen utforma slik at det er plass til dobbel parkering. Dersom dette blir gjort på heile strekkja, er det plass til 36 bilar. Men etter som det er litt smalare i austkanten,

reknar vi i praksis at det er plass til 34 bilar. Sjå vedlagte bilete og kart med innteikna mål. På teikning E 201 frå OPUS er det teikna inn 19 parkeringsplassar, etter den utvidinga mot sør som er omtala i punkt 1. Dette er ikkje bra nok for oss, jfr. merknad som vi sende i skriv av 02.09.21. Vi ber om at planen blir regulert slik at vi framleis har minst 34 parkeringsplassar i dette området. Dersom dette ikkje er mogleg å få til på vestsida av vår innkjørsel, altså i samband med noverande parkeringsplass, kan vi akseptere at innkjørsla vår blir flytta lenger mot aust og/eller at vi får parkering i det området. Vi ber om at planen blir justert slik at det tydeleg viser kvar dei 34 (36) plassane er tenkt plassert. Vi kan gjerne vere med og drøfte ulike løysingar.

3. På kart E 201 er det teikna inn eit relativt stort inngrep i vår eigedom mot Lindåsvegen. Vi ser ikkje at det er nødvendig med så stort areal til grøfter og skrånningar, og vi ber om at dette blir justert slik at inngrepet på vår eigedom blir minimalt.

Med vennleg helsing


Osvald Fyllingen
styreleiar


Svein Børteit
Nestleiar

Vedlegg